

## **Årsmøte 2025**

## **Utdanningsforbundet Valle**

## **Saksdokument**

## Opning ved lokallagsleiar

### Sak 1 Konstituering

#### 1.1 Godkjenning av innkalling

Kunngjering av årsmøtet og førebels sakliste vart sendt ut per mail **20.02.2025**

Innkalling og årsmøtedokument vart sendt ut **12.03.2025**

#### Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:

*Innkallinga vert godkjend*

#### 1.2 Val av møteleiarar

#### Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:

*Lokallagsleiar Nina Skjellanger vert valde som møteleiarar.*

#### 1.3 Val av referent

#### Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:

*Kristian Thaule vert vald som referent.*

#### 1.4 Sakliste

##### Sakliste:

Sak 1 Konstituering

1.1 Godkjenning av innkalling

1.2 Val av møteleiarar

1.3 Val av referent

1.4 Sakliste

1.5 Val av protokollunderskrivarar

1.6 Godkjenning av møtereglement

1.7 Godkjenning av valreglement

1.8 Val av møtefunksjonærar

Sak 2 Årsmelding og rekneskap frå lokallagsstyret.

2.1 Årsmelding

2.2 Rekneskap 2024

Sak 3 Retningslinjer for arbeidet i Utdanningsforbundet Valle for komande årsmøteperiode

Sak 4 Budsjett

Sak 5 Innmelde saker

Sak 6 Val

6.1 Val av lokallagsleiar

6.2 Val av nestleiar

6.3 Val av hovudtillitsvald som styremedlem

6.4 Val av andre styremedlemmar

6.5 Val av varamedlemmar til lokallagsstyret

6.5.1 Val av 1. vara

6.5.2 Val av 2. vara

6.5.3 Val av 3. vara

6.6 Val av valkomité

6.6.1 Val av valkomité

6.6.2 Val av 1. vara til valkomitéen

Sak 7 Val av alternativ innafor vedtektene

**Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:**

*Saklista vert godkjend*

**1.5 Val av protokollunderskrivarar**

**Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:**

*protokollunderskrivar vel vi i årsmøtet*

**1.6 Godkjenning av møtereglement**

1. Lokallagsleiar opnar møtet og leier møtet inntil møteleiar er vald.
2. Årsmøtedeltakarar som ynskjer ordet, viser det til møteleiaren. Ynskjer ein ordet til dagsorden, saksopplysning eller replikk, visast dette særskilt. Saksinnleiarar og styremedlemmer kan få ordet utanom talelista for å svare på spørsmål eller gi saksopplysningar.
3. Forslag skal leverast skriftleg og underteiknast med namn. Alle forslag skal vere referert før strek vert sett. Nye forslag kan ikkje fremmast i ei sak etter at det er gjort vedtak om at strek er satt. Forslag kan då heller ikkje trekkast tilbake.
4. Alle forslag frå styret eller forslag som er sendt inn frå klubber til årsmøtet innan fristen, blir vedteke med simpelt fleirtal. Nye saker må ha kvalifisert (2/3) fleirtall. Årsmøtet må òg, med 2/3 fleirtall, vedta at saker utanom saklista skal handsamast.

Møtet avgjer voteringsmåten.

**Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:**

*Møtereglementet vert godkjent.*

**1.7 Godkjenning av valreglement**

***Generelt om val på årsmøtet***

Alle val som vert gjort, gjeld normalt for to år (sjå § 58.3) og gjeld frå 1. august same år. Kven som skal ut/veljast på nytt er avhengig av perioden dei er valt for på et tidlegare årsmøte.

Alle val skal vere skriftlege. Møteleiar kan likevel, i samråd med årsmøtet, gjennomføre open stemmegjeving, dersom det er eit samrøystes forslag frå valkomiteen og ingen andre forslag. Det kan ikkje stemmast på andre enn dei kandidatane det er forslag om. Stemmesetlar som inneheld andre namn, blir forkasta.

Kandidatar som det er kome forslag på, er:

1. Forslag frå valkomiteen (pkt. 1 – 6) og frå styret (pkt. 5)
2. Kandidatar som det er kome forslag om frå årsmøtet.

Blank stemmesetel vert rekna som ein stemme.

### **Val av lokallagsleiar (§ 58.1.6.1)**

Leiaren blir valt først og ved særskilt val.

Den kandidaten som får minst halvparten av stemmene, er valt.

Om ingen av kandidatane får halvparten av stemmene, må ein velje på nytt mellom dei kandidatane som har fått stemmer i første valomgang. Kandidatane blir satt opp etter stemmetal. Dersom det er meir enn to kandidatar, går kandidaten med lågast stemmetal ut. Ein må ha nytt val mellom dei kandidatane som står att. Dette prinsippet gjeld til berre to kandidatar står att. Ved omval mellom dei resterande to kandidatane, er den valt som har fått flest stemmer.

### **Val av nestleiar i lokallaget (§ 58.1.6.1)**

Her gjelder dei same valreglane som i punkt 1.

### **Val av hovudtillitsvalde i verksemdene på kommunenivå (§ 16)**

Valkomiteen må fremje forslag på hovudtillitsvald(-e) og vara hovudtillitsvald(-e) for dei aktuelle medlemsgruppene/tariffområda innanfor lokallaget.

Vala gjennomførast som særskilde val i \*eige valmøte for årsmøtedeltakarar innanfor dei aktuelle medlemsgruppene/tariffområda. Valet gjennomførast på same måte som for leiar og nestleiar i lokallagsstyret.

\*Det vil seie at berre medlem innanfor tariffområdet vala gjelder for, har stemmerett.

### **Val av medlemmer og varamedlemmer til lokallagsstyret i plenum (§ 58.1.6.2)**

Ein vel det talet på medlemmer av styret som står igjen etter val av leiar og nestleiar.

Lokallagsstyret har inntil 9 medlemmer (sjå § 61.2). (Talet på personar i styret kjem fram i vedtak frå et tidlegare årsmøte. Dette talet gjeld leiar, nestleiar og styremedlemmer. Skal talet endrast i forhold til tidlegare vedtak, må årsmøte gjere eit nytt vedtak om talet på styremedlemmer.)

Det er viktig å sjå på dei som allereie er vald (leiar, nestleiar) slik at ein kan gje opplysningar til representantane om kva som må veljast for å kome ut med riktig samansetjing (sjå § 61.2 ad leiarrepresentant og hovudtillitsvald) og kvotering (sjå § 15 ad kvinnedel og rimeleg representasjon) for resten av lokallagsstyret.

Alle namna på kandidatane (rett tal) som skal veljast som styremedlemmer, vert skrivne samla på stemmesetelen. Årsmøtet skal velje minst 3 varamedlemmer i prioritert rekkefølge (sjå §61.2 siste setning). Desse veljast i særskilde val etter same reglar som for leiar (sjå pkt. 1 over).

### **Val av valkomité (§ 58.1.6.3)**

Årsmøtet vel ein valkomité med minst 3 medlemmer (§64.1). Valkomiteen er samansett i høve til gjeldande kvoteringsreglar, jf. § 15. Valkomiteen konstituerer seg sjølv, eventuelt med et arbeidsutval. Det er årsmøtet som fastset talet på medlemmer (minimum 3) og varamedlemmer i valkomiteen. Nytt vedtak må gjerast av årsmøtet dersom ein skal endre talet som er vedteke på eit tidlegare årsmøte.

Lokallagsstyret fremjar forslag på medlemmer og varamedlemmer til ny valkomité for årsmøteperioden.

Valkomiteen veljast på same måte som medlemmer og varamedlemmer (sjå pkt. 4 over) i lokallagsstyret.

### **Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:**

*Valreglementet vert godkjent.*

### **1.8 Val av møtefunksjonærar**

Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:

*Hege Homme vert valde som teljekorps.*

## Sak 2 Årsmelding og rekneskap frå lokallagsstyret.

### 2.1 Årsmelding

#### *God utdanning og ein sterk profesjon*

Leiar har delteke på LLL-samlingar i Kristiansand i regi av fylkeslaget gjennom heile året. Samling om lag ein gong pr. månad. Leiar har også delteke på kurs i regi av fylkeslaget mellom anna kurs i godkjenning i nytt digital fakturerings-system, bruk av lokallagets heimeside, valkomitéarbeid og 2 storkurs. Leiar har også delteke i sentrale kurs mellom anna regionalt kurs 4, der tema var tariffpolitiske utfordringsbildet, forankre og avgrense læraren si rolle og samfunnsmandat.

#### *Styring, leiing og partssamarbeid*

I perioden frå førre årsmøte til dette, har det vore 7 styremøte og styret har handsama 42 saker frå januar 2024 til desember 2024.

På Årsmøte 2024 vart styret endra ved at Jannicke gjekk inn for to nye år som styremedlem og Arild Aabø held fram som styremedlem.

Vi har også avgjort at nokon verv måtte veljast for 1 år i staden for 2 nye år for å få kontinuitet i styret. Difor veljast leiar, eit styremedlem og eit vara medlem for 1 år i dette Årsmøtet i 2025.

#### *Løn, arbeidsvilkår og arbeidsmiljø*

HTV og LLL og er med i drøftingar og forhandlingar for enkeltmedlemer ved behov.

ATV og HTV er med i arbeid med arbeidstidsavtalar.

HTV, LLL og ATV var med i forhandlingsdelegasjonen ved lokale forhandlingar saman med Jannicke Ruud i oktober 2024.

#### *Tillitsvalde på arbeidsplassane*

Andreas Bjørgum Forde har vore ATV ved Valle skule sidan september 2022.

Ane Buen har vore ATV for Valle barnehage sidan august 2023.

I august 2024 vart Andreas Engebretsen vald som ny ATV for Setesdal VGS avd. Valle som har felles ATV med Hovden og Hornnes.

Medlemstalet pr. 30.01.2024 var 58 inkl. pensjonistmedlemmer. Medlemstalet har auka med 3 personar frå i fjor.

#### *Organisasjonen i utvikling*

I desember hadde vi jolemedlemsmøte på Bykle Hotell. Vi var saman med medlemmane i Utdanningsforbundet Bykle.

Klubben ved Valle skule og Valle barnehage har bidrege på ein god måte til utvikling av organisasjonen.

Styret fungerer godt og alle bidreg godt frå sitt arbeidsplassperspektiv, frå 4 ulike arbeidsplassar. Ein har gode drøftingar om saker som vedkjem laget. Møtegodtgjersla er på 500 kr, og frikjøpet til kasserar (2 dagar pr skuleår).

Vi har ein plan for medlemsverving, og for korleis vi skal ta imot nye medlemer og kva vi gjer for medlemer som blir pensjonistmedlemer.

På kvart styremøte får klubbleiar, HTV, og leiar av lokallaget uttale seg om kva som rører seg i organisasjonen.

Styret ønskjer å reise på tur til Alta i 2025, for å styrke samhaldet i styret og for å førebu seg på komande saker og utarbeiding av retningslinjer for utdanningsforbundet Valle for neste periode.

## Årsmelding frå Hovudtillitsvald

HTV har delteke på samlingar/kurs i regi av fylket gjennom heile året (6 fysiske og 2 på Teams). Tema på desse har mellom anna vore særavtalar (SFS 2213/2201 og SGS 1010), medbestemming, tilsetjingar, arbeidstid, tariff, Hovudavtalen (HA), lønspolitikk, KS debatthefte, organisasjonsarbeid, lokale forhandlingar, barnehageforliket "Tid for dei minste" og budsjettarbeid.

HTV har delteke på diverse samarbeidsmøte i kommunen med administrasjon/skulefagleg ansvarleg.

HTV har elles delteke i arbeidsmiljøutval, administrasjonsutval og diverse samarbeidsmøte.

HTV har vore med i drøftingar der tillitsvalde skal vere med.

Det var lokale forhandlingar i kap. 3, 4 og 5 hausten 2024.

HTV var på kurs i forhandlingskompetanse og storkurs i Kristiansand våren 2024.

### LEIING OG PARTSSAMARBEID

HTV har delteke i arbeidsmiljøutval og administrasjonsutval.

HTV var med på drøftingar der tillitsvalde skal vere med.

HTV var i utlysing, intervju og tilsetjing av ny rektor ved Valle skule våren 2024.

HTV var med på Valle kommune si budsjettsamling i Lyngdal hausten 2024.

### ARBEIDSVILKÅR OG ARBEIDSMILJØ

HTV var med i drøftingar og forhandlingar for enkeltmedlemer ved behov.

HTV var med i arbeid med arbeidstidsavtalar.

### ORGANISASJONEN I UTVIKLING

På kvart styremøte får HTV uttale seg om kva som rører seg i organisasjonen.

For Utdanningsforbundet Valle

Nina Therese Skjellanger, lokallagsleiar

Arild Aabø, HTV

#### Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:

*Årsmeldinga for Utdanningsforbundet Valle vert godkjend.*

## 2.2 Rekneskap 2024

Vedlegg 1: Årsrekneskap 2024

Vedlegg 2: Spesifisert rekneskap Valle 2024

#### Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:

*Rekneskap for 2024 vert godkjent.*

### Sak 3 Retningslinjer for arbeidet i Utdanningsforbundet Valle for komande årsmøteperiode

#### Retningslinjer for arbeidet i Utdanningsforbundet Valle 2025-26 (Vi utdanner Noreg)

Vi Utdanner Norge	Mål for Utdanningsforbundet Valle	Kva?	Arbeidsmetode Når/kor	Ansvar
<b>God utdanning og en sterk profesjon</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Støtte tillitsvalgte i arbeidet med gode og forutsigbare kompetanseplanar for bhg og skule, og i arbeidet med at vilkår for vidare- og etterutdanning vert vidareført</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Vere med i møter og forhandlingar kring dette</li> <li>Svare på ev høyringar og revideringar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>I møter med skulefagleg ansvarleg og rådmann</li> <li>I møter med styrar og rektor</li> </ul>	HTV  ATV og HTV, eventuelt lokallagsleiar der det manglar ATV
	<ul style="list-style-type: none"> <li>Arbeide for faglege nettverk, samarbeid styrar/rektor og skulefagleg ansvarleg, samt samarbeid med politikarane for at laget rundt eleven er godt.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Følgje med på utviklinga i dette samarbeidet og etterspør viss det fell bort/manglar</li> <li>Følgje opp arbeidet med heilskapleg oppvekstplan for kommunen.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>I møter med administrasjon og styrar/rektor</li> <li>Sak på styremøte</li> </ul>	HTV, ATV og lokallagsleiar
	<ul style="list-style-type: none"> <li>Arbeide for at ressursane er gode nok til at dei ulike einingane kan arbeide etter krava i lovverket</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Følgje med på politiske vedtak som omhandlar dette</li> <li>Stille spørsmål til politikarane</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Ha kontakt med barnehagen og skulen gjennom året</li> <li>Møte styrar/rektor i formelle drøftingar</li> <li>Møte politikarane i ulike settingar, skrive e-post med spørsmål</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>HTV</li> <li>ATV</li> <li>Lokallagsleiar</li> </ul>
<b>Styring, leiing og partssamarbeid</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Sørge for at tillitsvalde får moglegheit til å vere talsperson i profesjonsfaglege spørsmål</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Følgje med på høyringar og det som skjer i kommunen</li> <li>Vere til stades på viktige møter/drøftingar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Etterspør kommunen sine svar på høyringar</li> <li>Etterspør tillitsvalde si deltaking der den manglar</li> </ul>	Lokallagsleiar HTV
	<ul style="list-style-type: none"> <li>Samarbeide med dei andre fagforeiningane i kommunen</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Samarbeidsmøte i fellesforum</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Erfaringsutveksling, forberede saker som skal behandlast.</li> </ul>	HTV

<b>Lønn, arbeidsvilkår og arbeidsmiljø</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ha på plass hensiktsmessige og konkurransedyktige avtaler om arbeidstid for pedagogisk personale i barnehage og skule</li> <li>• Arbeide for ei tilstrekkeleg bemanning i barnehage og skule.</li> <li>• Arbeide for at lærarar skal få vere lærarar</li> <li>• Arbeide for at tilsette i barnehagen skal ha godt arbeidstøy.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Drøftingar med rektor og styrar som endar i konkrete avtalar</li> <li>• Lese og følgje med på budsjettforslag</li> <li>• Dialog med styrar og rektor</li> <li>• Setje fokus på behov for andre yrkesgrupper i skulen.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Møter i klubben</li> <li>• Kvart år i formelle drøftingsmøte</li> <li>• Arkivere avtalane i arkivsystemet vårt</li> <li>• Svare formelt på forslag med grunngjeving</li> </ul>	ATV og HTV   HTV og lokallagsleiar
<b>Organisasjon i utvikling</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Arbeide aktivt med medlemsvekst og rekruttering av tillitsvalde</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vere særleg obs på overgangane i medlemsskap</li> <li>• Vere i forkant når det skal inn nye medlemmer i styret og nye tillitsvalde på arbeidsplassen</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Se plan for medlemsvekst</li> </ul>	Styret og lokallagsleiar spesielt  Valkomiteen, styret og ATV
	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Arbeide for auka engasjement i klubbane, m.a ved å ha medlemsmøte med aktuelt tema kvart år, og ved å stille aktuelle spørsmål ut til klubbane</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kva rører seg i organisasjonen?</li> <li>• Kva har medlemene fokus på?</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Klubbmøter</li> <li>• Sak i styremøte</li> </ul>	ATV Styret
	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sikre informasjonsflyt i organisasjonen</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sørge for at viktig informasjon kjem ut til medlemmene</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bruke teams, heimesida og e-post aktivt for å nå ut til alle.</li> </ul>	Lokallagsleiar, HTV og ATV
	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Relasjonsbygging internt i organisasjonen</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tur annakvart år med fagleg fokus.</li> <li>• Medlemsmøte ved oppstart skule/barnehage</li> <li>• Medlemsmøte i desember</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Styreseminar i Noreg</li> <li>• Måltid, forbundsnytt, aktivitetar</li> </ul>	Lokallagsleiar m/ styret

**Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:**
*Retningslinjene for årsmøteperioden vert vedtekne.*



## Sak 4 Budsjett

### Budsjett 2025

Utdanningsforbundet

Valle

Inntekter		2025
Konto	Tekst	Beløp
<b>3290</b>	Kontingentrefusjon	<b>80 459</b>
<b>3990</b>	Refusjon SPK-midler	
<b>8040</b>	Renteinntekter bank	100
<b>Sum</b>		<b>80559</b>
Utgifter		
<b>5017</b>	Møtegodtgjøring uten feriepenger	25000
<b>5231</b>	Trekkpl. reise	0
<b>5239</b>	Telefondekn.i form av lønnsytelse	0
<b>5315</b>	Honorar uten feriepenger	0
<b>5400</b>	Arbeidsgiveravgift	3900
<b>5992</b>	Gaver i arbeidsforhold - fritt	500
<b>6740</b>	Frikjøp tillitsvalgte e. avtale	7500
<b>7110</b>	Bilgodtgjøring - trekk- og avgiftsfri	2500
<b>7111</b>	Passasjertillegg	500
<b>7112</b>	Bilgodtgjøring - trekk- og avgiftspliktig	2000
<b>7142</b>	Flybilletter	16000
<b>7143</b>	Andre reiseutgifter	2000
<b>7144</b>	Hotell	25000
<b>7162</b>	Diett med overnatting	0
<b>7170</b>	Leie kurslokale/møterom	2000
<b>7171</b>	Bevertning ved møter	24000
<b>7321</b>	Profileringsmateriell	1000
<b>7422</b>	Representasjon, gaver	2000
<b>8171</b>	Bankgebyr	250
<b>Sum</b>		<b>114150</b>

**Budsjett 2026**

Utdanningsforbundet

Valle

Inntekter		2026
Konto	Tekst	Beløp
3290	Kontingentrefusjon	80 459
3990	Refusjon SPK-midler	
8040	Renteinntekter bank	100
Sum		80559
Utgifter		
5017	Møtegodtgjøring uten feriepenges	25000
5231	Trekkpl. reise	0
5239	Telefondekn.i form av lønnsytelse	0
5315	Honorar uten feriepenges	0
5400	Arbeidsgiveravgift	3600
5992	Gaver i arbeidsforhold - fritt	1500
6740	Frikjøp tillitsvalgte e. avtale	7500
6780	Honorar uten oppg.plikt	2000
7110	Bilgodtgjøring - trekk- og avgiftsfri	500
7111	Passasjertillegg	200
7112	Bilgodtgjøring - trekk- og avgiftspliktig	150
7142	Flybilletter	0
7143	Andre reiseutgifter	1000
7144	Hotell	0
7162	Diett med overnatting	0
7170	Leie kurslokale/møterom	2000
7171	Beverting ved møter	25000
7320	Annonser markedsføring	500
7321	Profileringsmateriell	2000
7422	Representasjon, gaver	5000
8171	Bankgebyr	250
Sum		76200

**Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:**
*Budsjettet vert godkjent.*

## Sak 5 Innmelde saker

### Forslag om arbeidstøy til tilsette i barnehagane i Valle kommune Til Valle kommune

#### Bakgrunn:

Tilsette i barnehagar jobbar dagleg i skiftande vêrforhold og utfører fysiske oppgåver både inne og ute. Gode arbeidsklede er avgjerande for trivsel, helse og sikkerheit, og for å kunne gjennomføre pedagogisk arbeid på ein god måte. Mange tilsette må i dag dekke dette behovet sjølve, noko som er urimeleg med tanke på arbeidsmiljølova og prinsippa om likebehandling.

#### Forslag:

Utdanningsforbundet i Valle Kommune ber om at kommunen innfører ei ordning der alle barnehagetilsette i fast stilling får:

- Ytterklede til uteleik (vindtette og vassavstøytande jakker og bukser/dress).
- Vintersko med god isolasjon og sklisikring.
- Hanskar og lue eigna for arbeid i kulde.
- To arbeidsbukser i god kvalitet, spesielt med tanke på slitasje på knær.
- To t-skjorter.
- Éin fleecejakke for ekstra isolasjon.

Dette arbeidstøyet kan gjerne ha logo eller reklame for Valle kommune, noko som også vil bidra til å synleggjere kommunen som arbeidsgivar.

#### Grunngjeving:

- Gode arbeidsklede vil førebyggje sjukefråvær knytt til kulde, fukt og belastningsskadar.
- Det sikrar at alle tilsette har funksjonelle klede utan store egne utgifter.
- Det gir betre arbeidsvilkår, trivsel og anerkjenning av yrket som eit fysisk krevjande arbeid.
- Profilert arbeidstøy vil gi eit meir profesjonelt inntrykk av barnehagane i kommunen.

Vi ønskjer ein dialog om dette og håpar på ei løysing som sikrar rettferdige og føreseielege arbeidsforhold for alle tilsette i barnehagane i Valle kommune

#### Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:

Årsmøtet ber utdanningsforbundet valle om å jobbe for å betre klesgodtgjøring for barnehageansatte i kommunen.

## Sak 6 Val

Inneverande år har styret hatt denne samansetjinga:

Namn	Arbeidsplass	Medlemsgruppe	Verv	Periode
<b>Leiarverv</b>				
Nina Skjellanger	Setesdal. Vgs. Avd. Valle	VGO	Leiar	2023-2025
Hege Homme	Hylestad barnehage	BHG	Nestleiar	2023-2025
<b>Styremedlemmar</b>				
Arild Aabø	Valle Skule	GSK	HTV	2024-2026
Magnhild Tveit	Valle Skule	GSK	Styremedlem	2023-2025
Jannicke Ruud	Valle barnehage	BHG	Styremedlem	2024-2026
<b>Vara styremedlemmar</b>				
Kristian Thaule	Valle Skule	GSK	1.vara	2023-2025
Marcus Kristiansen	Valle barnehage	BHG	2.vara	2023-2025
Ola Aarsland	Valle Skule	GSK	3.vara	2023-2025
<b>HTV</b>				
Arild Aabø	Valle skule.	GSK	HTV	2023-2025
Kristian Thaule	Valle skule	GSK	Vara-HTV	2023-2025

## Valkomiteens innstilling til nytt styre:

Namn	Arbeidsplass	Medlemsgruppe	Verv	Periode
<b>Leiarverv</b>				
Nina Skjellanger	Setesdal. Vgs. Avd. Valle	VGO	Leiar	2025-2026
Kristian Thaule	Valle Skule	GSK	Nestleiar	2025-2027
<b>Styremedlemmar</b>				
Arild Aabø	Valle Skule	GSK	HTV-styremedlem	2024-2026
Jannicke Ruud	Valle barnehage	BHG	Styremedlem	2024-2026
Magnhild Tveit	Valle Skule	GSK	Styremedlem	2025-2027
<b>Vara styremedlemmar</b>				
Marcus Kristiansen	Valle barnehage	BHG	1.vara	2025-2027
Martine Pedersen	Valle Skule	GSK	2.vara	2025-2026
Ane Trydal Buen	Valle Barnehage	BHG	3.vara	2025-2027
<b>HTV</b>				
Arild Aabø	Valle Skule	GSK	HTV	2025-2026
Mathilde Høgstøl	Hylestad Barnehage	BHG	Vara-HTV	2025-2027

### **6.1 Val av lokallagsleiar**

#### **Valkomiteens innstilling til vedtak:**

*Nina Skjellanger, Setesdal vgs. Avd. valle, VGO vert vald som lokallagsleiar for perioden 01.08.2025-31.07.2026*

### **6.2 Val av nestleiar**

#### **Valkomiteens innstilling til vedtak:**

*Kristian Thaule, Valle Skule, GSK vert vald som lokallagsnesteleiar for perioden 01.08.2025-31.07.2027*

### **6.3 Val av hovudtillitsvald som styremedlem**

#### **Valkomiteens innstilling til vedtak:**

*Arild Aabø, Valle Skule, GRS vert vald som HTV som styremedlem for perioden 01.08.2024-31.07.2026*

### **6.4 Val av andre styremedlemmar**

#### **Valkomiteens innstilling til vedtak:**

*Jannicke Ruud, Valle Barnehage, BHG, Ikkje på val*

*Magnhild Tveit, Valle Skule, GSK, vert vald som styremedlem for perioden 01.08.2025-31.07.2027*

### **6.5 Val av varamedlemmar til lokallagsstyret**

#### **6.5.1 Val av 1. vara**

##### **Valkomiteens innstilling til vedtak:**

*Marcus Kristiansen, Valle Barnehage, BHG, vert vald som 1. vara til lokallagsstyret for perioden 01.08.2025-31.07.2027*

#### **6.5.2 Val av 2. vara**

##### **Valkomiteens innstilling til vedtak:**

*Martine Pedersen, Valle Skule, GSK, vert vald som 2. vara til lokallagsstyret for perioden 01.08.2025-31.07.2026*

#### **6.5.3 Val av 3. vara**

##### **Valkomiteens innstilling til vedtak:**

*Ane Trydal Buen, Valle barnehage, BHG, vert vald som 3. vara til lokallagsstyret for perioden 01.08.2025-31.07.2027*

## 6.6 Val av valkomité

Valkomitéen har bestått av:

Namn	Arbeidsplass	Medlemsgruppe	Kjønn	Verv	Periode
Kari Trydal	Valle Skule	GSK	K	Leiar	2024-2025
Kristine Kleiveland	Valle Skule	GSK	K		2024-2025
Anne Bjørg Nesland	Hylestad Barnehage	BHG	K		2024-2025
Vara til Valkomiteen					
Stine Mari Male	Valle skule	GSK	K	1.vara	2024-2025

### Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:

Namn	Arbeidsplass	Medlemsgruppe	Kjønn	Verv	Periode
Kari Trydal	Valle Skule	GSK	K	Leiar	2025-2026
Anne Bjørg Nesland	Hylestad barnehage	BHG	K		2025-2026
Mathilde Høgstøl	Hylestad barnehage	BHG	K		2025-2026
Vara til Valkomiteen					
Stine Mari Male	Valle skule	GSK	K	1.vara	2025-2026

### 6.6.1 Val av valkomité

#### Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:

*Kari Trydal, Valle Skule, GSK, vert vald til valkomitéen i lokallaget for perioden 01.08.2025-31.07.2026*

*Anne Bjørg Nesland, Hylestad Barnehage, BGH, vert vald til valkomitéen i lokallaget for perioden 01.08.2025-31.07.2026*

*Mathilde Høgstøl, Hylestad Barnehage, BGH vert vald til valkomitéen i lokallaget for perioden 01.08.2025-31.07.2026*

### 6.6.2 Val av 1. vara til valkomitéen

#### Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:

*Stine Mari Male, Valle Skule, GSK vert vald som 1. vara til valkomitéen i lokallaget for perioden 01.08.2025-31.07.2026*

## **Sak 7 Val av alternativ innanfor vedtektene**

Styret ønsker å ha nokon verv på val for 1 år i staden for 2 år. Verv som dette gjeld er lokallagsleder og 2 vara i styret. Argumenta for dette valet er at det skaper kontinuitet i styret og at i staden for at ein vel 8 av 10 verv annakvart år, så bidreg endringa til at omtrent halve styret er på val kvart år.

### **Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:**

*Alternativ innanfor vedtektene vert vedtekne.*

## **Avslutning**

Avslutning ved lokallagsleiar